

Breiband-montørar kom med helikopter!

26.08.2009



Nils Naasen, Eva Irene Berntsen og fire år gamle Ine Victoria under breiband-antenna som vart montert av helikopter-transportert mannskap onsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den siste Uskedal-familie som har bestilt breiband har no fått det. Det skjedde onsdag på Musland og då på avansert vis: Dei to montørane kom i helikopter! Den noko spesielle operasjonen har denne bakgrunnen:

Firmaet Direct Connect i Vestby utanfor Oslo har hatt oppdraget med å skaffa også oppsittarane i dei øvre delane av Uskedalen breibandsamband. Men det har drege svært ut med monteringen. To av dei som bestilte og som verkeleg såg fram mot dette framskrittet var Nils Naasen og Eva Irene Berntsen.

Men då Direct Connect endeleg var klare for jobben med montering tidlegare denne månaden var familien på ferie. Då dei kom heim att, ringte Naasen firmaet i Vestby og minte om at dei var gløymt på grunn av ferien.

Då hadde montørane reist vidare til Osterøy-området, men Direct Connect lova å senda dei nedover att i starten av denne veka. Både mandag og tysdag gjekk utan at det kom nokre montørar, men onsdag ringte dei og stilte spørsmålet: Gjer det noko om vi kjem i helikopter?

Det gjorde slett ikkje noko og etter ei tid landa ein maskin frå Bergen Helikopter på tunet med to montørar. Etter kanskje ein halvtime var antenna på plass på veggen og så fauk dei to tilbake til ikkje fullført jobb på Osterøy. Torsdag vil breibandet ta til å fiungera.

Naturleg nok er familien på Musland no meir villig enn før til å gløyma den lange ventetida.
På spørsmål om det er vanleg med slike spontan-operasjoner luftvegen i samband med breiband-montering er svaret: - Det førekjem av og til!

Av Ola Matti Mathisen